



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2019 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 923 050 612
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: HEMSEDAL ENERGI AS
Forretningsadresse: Hemsedalsvegen 2883
3560 HEMSEDAL

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Per Gunnar Markegård
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 08.05.2020

Grunnlag for avgivelse

År 2019: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2018: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2019

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 28.09.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter	1	71 041 000	69 642 000
Anna driftsinntekt		4 514 000	2 092 000
Sum inntekter		75 555 000	71 734 000
Kostnader			
Endring i beholdning av eigetilverka anleggsmiddel	2	-2 413 000	-2 326 000
Varekostnad		46 336 000	32 191 000
Lønnskostnad	2	9 659 000	9 882 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	8 250 000	8 346 000
Annan driftskostnad	2	10 299 000	8 259 000
Sum kostnader		72 131 000	56 352 000
Driftsresultat		3 424 000	15 382 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		868 000	572 000
Anna finansinntekt		170 000	202 000
Sum finansinntekter		1 038 000	774 000
Annan rentekostnad		505 000	367 000
Annan finanskostnad		34 000	830 000
Sum finanskostnader		539 000	1 197 000
Netto finans		499 000	-423 000
Ordinært resultat før skattekostnad		3 923 000	14 959 000
Skattekostnad på ordinært resultat	4	852 000	1 851 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		3 071 000	13 108 000
Årsresultat		3 071 000	13 108 000
Overføringar og disponeringar			
Overføring til/frå annan eigenkapital		3 071 000	13 108 000
Sum overføringar og disponeringar		3 071 000	13 108 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	4	5 128 000	2 672 000
Sum immaterielle egedelar		5 128 000	2 672 000
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	22 845 000	22 193 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	114 128 000	108 113 000
Sum varige driftsmiddel		136 973 000	130 306 000
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	8	4 716 000	4 647 000
Sum finansielle anleggsmiddel		4 716 000	4 647 000
Sum anleggsmiddel		146 817 000	137 625 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		3 205 000	4 021 000
Sum varer		3 205 000	4 021 000
Krav			
Kundekrav	7	17 711 000	23 662 000
Andre krav	1	6 551 000	7 098 000
Sum krav		24 262 000	30 760 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	6	33 420 000	23 150 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		33 420 000	23 150 000
Sum omløpsmiddel		60 887 000	57 931 000
SUM EIGEDELAR		207 704 000	195 556 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	11	1 000 000	81 309 000
Overkurs	11	147 271 000	0
Sum innskoten eigenkapital		148 271 000	81 309 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	3 070 000	64 261 000
Sum opptent eigenkapital		3 070 000	64 261 000
Sum eigenkapital		151 341 000	145 570 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	13	7 406 000	7 868 000
Sum avsetjingar for plikter		7 406 000	7 868 000
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	10	23 042 000	24 343 000
Sum anna langsiktig gjeld		23 042 000	24 343 000
Sum langsiktig gjeld		30 448 000	32 211 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		6 112 000	6 020 000
Betalbar skatt	4	609 000	1 758 000
Skuldige offentlege avgifter		8 504 000	8 900 000
Anna kortsiktig gjeld		10 690 000	1 097 000
Sum kortsiktig gjeld		25 915 000	17 775 000
Sum gjeld		56 363 000	49 986 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		207 704 000	195 556 000



Til generalforsamlinga i Hemsedal Energi AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Hemsedal Energi AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Strømsø Torg 9, Postboks 2078 Strømsø, NO-3003 Drammen

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Melding frå uavhengig revisor - Hemsedal Energi AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Drammen, 8. mai 2020
PricewaterhouseCoopers AS

Paal Ødegård
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Ødegård, Paal	BANKID_MOBILE	2020-05-08 08:50

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Årsmelding 2019




 Hemsedal Energi
www.hemsedal-energi.no



Organisering

Organisasjonsplan



Dagleg leder Per Gunnar Markegård

Styret i 2019:

Medlem:

Ernst Tore Eggen
Signe Lise Hovig Jordheim
Elin Tangen
Pål Terje Rørby
Magne Lien

Posisjon i styret:

Leder
Nestleder
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem (for dei tilsette)

Varamedlem:

1. Jan Egil Halbjørhus
2. Per Magnar Tømmervold

Varamedlem Kari Guri Haugo

Revisor : PricewaterhouseCoopers AS (PWC)



Historikk

Hemsedal Energi - historie

1910	Elektrifisering i deler av sentrum etter utbygging av Trøimsåne og Ulsåkfossen
1920	Aker kommune kjøper opp mesteparten av fall-rettene i Hemsilvassdraget
1936	Stifting av Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning
1937	Bygging av overføringsline frå Gol til Hemsedal
1942 – 1952	Hjelmen, Lykkja, Grøndalen og Eikrevegen vert kopla til overføringsnett
1974	Bygging av Svøo sekundærstasjon
1986	Bygging av Holdemoen sekundærstasjon
1992	Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning delast i to kommunale særbedrifter og seinare i to kommunale føretak – Hemsedal Elektro KF og Hemsedal Energi KF
2006	Bygging av Langeset sekundærstasjon
2013	Ny trafo 66/22KV med ytelse 30 MVA på Holdemoen sekundærstasjon.
2019	Hemsedal Energi KF blir omdanna til aksjeselskap – Hemsedal Energi AS

Hovudtal - Hemsedal Energi AS

	2019	2018	2017	2016	2015
Fast tilsette pr. 31.12	10	12	12	12	12
Tal årsverk pr. 31.12	10,0	11,0	11,0	11,0	11,5
Overføring eks. tap (GWh)	98,7	98,7	98,3	95,8	90,7
Kraftomsetning sal (GWh)	69,9	71,8	72,4	74,0	70,9
Overføringskunder pr. 31.12	4.280	4.128	4.038	3.964	3.861
- av dette hushaldning	945	918	906	892	887
- av dette hytter/fritidsbustader	2.432	2.394	2.301	2.202	2.126
Nettstasjonar	348	342	338	335	333
Lågspent luftnett (km)	81	83	84	85	86
Lågspent kabel (km)	441	431	422	415	408
Høgspent luftnett (km)	123	123	123	123	123
Høgspent kabel (km)	122	116	109	105	100
66-kV-linje - Regionalnett	18,2	18,2	18,2	18,2	18,2
66-kV-kabel - Regionalnett	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3
Netto - investeringar (heile 1.000 kr)	14.916	21.227	15.929	7.440	13.278
Avskrivningar (heile 1.000 kr)	8.250	8.346	9.510	9.827	9.425
Personalkostnader (heile 1.000 kr)	9.659	9.882	9.570	9.023	8.217
Driftsinntekter totalt (heile 1.000 kr)	75.555	71.734	60.509	60.109	56.484
Driftskostnader totalt (heile 1.000 kr)	72.131	56.352	50.426	49.382	44.668
Driftsresultat (heile 1.000 kr)	3.424	15.382	10.083	10.727	11.816



Dagleg leders beretning

Overføringsnett

Overført mengde i nettet dette året er på same nivå som året før. Temperaturen har stor innvirkning på mengde overføring i nettet. Vi låg noko under fjoråret dei tre fyrste månadane, men det vart teke att ut over sommaren og hausten. Har fått 152 nye kundar dette året og det er den største veksten vi har hatt på lenge. Har hatt ein jamn vekst kvart år og størst er veksten blant fritidseigedommar. Nærmare 60 % av kundane er fritidseigedommar. Det totale salget av overføringstjenester har vore 98,7 GWh (ekskl. tap), 103,5 GWh (inkl. tap). Overføringsverksemda har for 2019 eit driftsresultat på 1,889 mill. kr.

Investering i nettet i 2019:

Brutto investering:	13,7 mill. kr.
Anleggsbidrag:	2,9 mill. kr.
Netto investering:	10,8 mill. kr.

Dei største investeringsprosjekta:

- Holdemoen Trafostasjon – bytta effektbryter både på 66 KV og 22 KV.
- Booster – Fjellheisen - Ny 22 KV kabelforbindelse.
- Fyri Hotell - Ny tilførsel 22 KV , ny nettstasjon 2 000 KVA.
- Moavegen – Tuv - 2 nye nettstasjoner og ny 22 KV kabelforbindelse.

Tap i nettet i 2019 var 4,7 GWh som er ca. 4,76 % av totalt omsatt. Historisk avbrudd var 0,0105 %. Dvs. tilgjengelighet på 99,9895 %. 32 % av ILE er forårsaka av utfall i sentralnettet.

KILE kostnad for 2019 var på totalt kr. 1 171 666,-
73 % av dette er forårsaka av utfall i sentralnettet. Det utgjør kr. 852 666,-
Eigen kostnad på kile blir kr. 319.000,- og det er svært bra.

Rammer for verksemda

Inntektsramma for 2019 som er vedteke av NVE er 26,955 mill. kr. I følge regnskapet for 2019 vart det beregna ein meirinntekt på 334.000. Saldo for mindreinntekt er pr. 01.01. 7,077 mill. kr. På grunn av den store saldoen og krav frå NVE om at den skal gå mot null på sikt har vi valgt å avskrive mindreinntekt med kr. 1,234 mill. Saldo for mindreinntekt pr. 31.12.2019 blir redusert til 6,3 mill. kr. Målet med meir-/ mindreinntekt er forutsigbare og mest mogeleg stabile tariffar for kundane. Målet for Hemsedal Energi er å halde ei svært god sikkerheit i nettet vårt og i tillegg kunne samanlikne oss prismessig med andre tilsvarande nettselskap.

Kraftomsetning

Det er i 2019 seld 69,9 GWh med kraft til sluttbrukarane. Det er ca 70 % av den totale overføringa i nettet. Gjennomsnittleg spotpris for 2019 var 38,5 øre/kWh ekskl. mva. Samanlikna med året før er det ein nedgang på ca. 3 øre/kWh. Året starta med forholdsvis høge prisar med ein spotpris i januar på over 50 øre/kWh ekskl. mva. Prisane held seg ut over året med ein nedgang ut over sommaren og spesielt september vart den månaden i året med lågast pris. Resultatet for kraftomsetningen viser eit overskot på kr.651.000. Hemsedal Energi har gått inn i alliansen Lokalkrafta som er ein allianse som vart stifta av tre selskap i Hardanger. Alliansen skal ta vare på lokal kompetanse og skal vera ein nasjonal markedsføringskanal for kraftleverandørar med lokal forankring.



Forvaltning av konsesjons-/andelskraft

Hemsedal Energi AS er omdanna til aksjeselskap frå 2019. Rekneskap for konsesjons-/ andelskraft skal då ikkje vera med i Hemsedal Energi sitt rekneskap. Det er skrivi avtale med Hemsedal Kommune om forvaltning av kommuna sine kraftrettar.

Resultatet av kraftforvaltninga blir i sin heilheit overført til kommuna.

For år 2019 vart det totalt sikra 61 % av desse kraftrettane til kommuna. Resultatet for dette året viser eit overskot totalt på 13,1 mill. kr. som er overført til kommuna.

El Sertifikat

Kvoten for 2019 for Elsertifikat har vore 17,1 %. Grunnlaget for dette er volumet av den totale omsetninga av kraft til sluttbrukarar. Dette volumet er 69,9 GWh dette året.

Det gjer ein plikt på 11900 sertifikat.

Det Lokale Eltilsyn (DLE)

Det lokale Eltilsyn har til oppgåve å redusere antall skader og ulykker med elektrisk årsak. Med heimel i El-tilsynsloven og Forskrift om det lokale elektrisitetstilsyn er alle nettselskap pålagt å føre tilsyn med elanlegg innafor sitt forsyningsområde.

Hemsedal Energi har avtale med Etrygg AS i Florø om å utføre tilsyn.

For året 2019 er det utført 178 tilsyn.

Kravet frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) i instruks har vi oppfylt.

Breiband/Anna verksemd

I utbygging av breiband er det investert for 3,2 mill. kr. i 2019 og av det er det teke inn anleggsbidrag på kr. 400.000. Netto investert 2,8 mill. kr.

Dei største prosjekta er Grosetlie, Gravsetområde og Golf Alpin Granheim.

Utbygging av breiband i Hemsedal gjer vi saman med Hallingdal Kraftnett. Vi deler inntekter og kostnader 50/50.

Nytt næringsbygg på Svøo er ferdigstillt og uteareal er asfaltert.

Total investeringskostnad er 12,6 mill. kr. og bygget er leid ut til Spekeloftet AS.

Generell informasjon

2019 har vore eit år med endring for Hemsedal Energi som har vorte omdanna frå eit kommunalt foretak til aksjeselskap. Dette for å imøtekomma krav frå myndigheitene og i neste fase vil det bli gjennomført selskapsmessig skille. Kundeveksten har vore formidabel dette året med 152 nye kunder.

Vi har serviceavtale med Kinect Energy som porteføljeforvaltar. Dei er også vår part mot NordPool og Nasdaq OMX.

Dagleg leder vil med dette takke Hemsedal kommune, styret for Hemsedal Energi AS og dei tilsette for samarbeidet dette året.

Hemsedal 08.05.2020

Per Gunnar Markegård

Dagleg leder

Styrets beretning

Verksemdas art

Hemsedal Energi AS vart omdanna frå kommunalt foretak til aksjeselskap frå og med året 2019. Dette er starten på ein prosess for å tilpasse seg nye krav frå myndigheitene. Selskapet er eigd 100 % av Hemsedal Kommune.

Hemsedal Energi AS sine vedtekter:

- *Selskapets verksemd skal være energiforsyning i Hemsedal kommune. Overføringsnettet skal til ein kvar tid ha god kvalitet og sikre straumleveranse til heile bygda.*
- *Selskapet kan også drive annan verksemd som er naturleg knytta til energiselskapets verksemd, herunder å ha aksjer og eigarskap til datterselskap og andre interesser knytta til energiselskapets verksemd.*

Forretningsstrategi

Hemsedal Energi har vedtatt ein strategi- og handlingsplan for 2019-2021.

Strategi- og handlingsplan tek inn over seg rammevilkår som er i dag og framtidige rammevilkår for at Hemsedal Energi skal være effektiv og konkurransedyktig også i framtida.

Tilpasning til det selskapsmessige skille er forhold ein tek hensyn til i strategien.

Nettdriften skal være Hemsedal Energi sin kjerneverksemd. Vi skal sørge for å oppretthalde god leveringskvalitet på nettet og sikre gode leveranser og følge krav fra regulator til einkvar tid.

Det er viktig at Hemsedal Energi har ein plan for å møte dei endringane i rammevilkår som alle nettselskap står overfor i framtida.

For å fortsette med kraftsalg til sluttbruker har vi gått inn i alliansen Lokalkrafta. Dette er ein allianse som skal ta vare på lokal kompetanse med ein felles markedsføringskanal.

Utbygging av breiband vil vi halde fram med og der vil det bli ein endring med at dette blir splitta ut frå selskapet i eit eige selskap.

Arbeidsmiljø - HMS

Arbeidsmiljøet ved Hemsedal Energi blir betrakta som svært godt. Samarbeidet med dei tilsettes organisasjonar/tillitsvalgte har vore konstruktivt og bidrege positivt til arbeidsmiljøet.

Det har ikkje vorte rapportert nokon alvorlege arbeidsuhell eller ulykker som er forårsaka av rutinesvikt eller at sikkerhetstiltak ved bedriften ikkje er helde.

Hemsedal Energi driv sine anlegg med størst mogeleg sikkerheit for dei tilsette og omgivelsane. Det blir gjennomført nødvendige opplæring og kurs for dei tilsette slik at alle kan ta ansvar for å ta vare på miljøet både internt og eksternt.

Vi har nullvisjon når det gjeld arbeidsrelaterte skader.

Hemsedal Energi har vore ein inkluderande arbeidslivsbedrift. Denne ordninga er avslutta, men selskapet vil operere med dei same prinsipp som dette i framtida.

Sjukefråværet syner slike tal for dei seinaste åra:

Sjukefråvær:	2019	2018	2017	2016
Eigenmelding	0,7 %	1,1 %	1,3 %	1,1 %
Sjukemelding	3,3 %	0,0 %	0,7 %	0,9 %
Totalt	4,0 %	1,1 %	2,0 %	2,0 %

Sjukefråværet for 2019 var totalt 4,0 %.

Likestilling og alderssamansetning

Hemsedal Energi AS har pr. 31.12.2019 i alt 10 fast tilsette – 8 menn og 2 kvinner. Kvinnene finn vi innafor verksemdene kundebehandling og administrasjon/regnskap. Innafor montørfaget er det berre menn og det er eit faktum at det er få kvinner i dette yrket. Styret består av 3 menn og 2 kvinner. Den enkelte medarbeider har lik rett og moglegheiter til å utfolde sine evner uavhengig av kjønn. Ingen har vorte diskriminert på grunn av kjønn og det gjeld både stillingstype og lønnsforhold. Gjennomsnittsalderen for dei fast tilsette er 51 år.

Miljørapport

Hemsedal Energi AS har ikkje spesiell verksemd som skader det ytre miljøet, med unntak av utslepp frå bilar/maskiner som ikkje vert regulert av konsesjonar eller pålegg frå myndighetene. Vi har ikkje hatt noko uhell på trafoer med oljesøl. Alt av avfall som inneheld skadelege materialer blir avhenta i henhold til gjeldande regelverk. Det blir brukt meir og meir kabel, både på høgspenning og lågspenning. Dette fører til mindre synleg nett som bidreg til meir miljøvennleg verksemd, samtidig som det er mindre utsett for påkjenning frå vær og vind.

Framtidig utvikling

Hemsedal Energi KF vart omdanna til Hemsedal Energi AS i år 2019. Dette for å imøtekomma krav om tilpassing til det selskapsmessige skille. Vidare plan for dette er at vi skal utføre splitting til konsern i løpet av året 2020. Dette for at selskapet skal tilfredsstille krav om det selskapsmessige skille der nettdriften blir skilt som eigen verksemd. Hemsedal Energi AS har hatt eit strategiarbeid i løpet av året 2019. Det vart vedteke ein strategi- og handlingsplan for 2019 – 2021. Strategien viser korleis Hemsedal Energi skal sjå ut fram til 2021. Vår strategi blir også løpande vurdert for å tilpasse seg NVE sine rammebetingelsar. For å møte framtida vil Hemsedal Energi gjennom Nettalliansen delta i nye innovasjon og utviklingsprosjekt som skal hjelpe selskapet å sikre ein trygg og effektiv drift.

Fortsatt drift

Hemsedal Energi AS har ut frå resultatregnskapet og balansen grunnlag til å meine at fortsatt drift er til stade i samsvar med regnskapsloven § 3-3a. Til grunn for dette ligg resultatet for 2019 og selskapets inntektsramme. Selskapet har ein sunn økonomisk og finansiell stilling, men det er også utfordringar med store investeringar i framtida. Inntektsramme som NVE fastsett er stadig i endring og det er derfor vanskeleg å planlegge langt fram i tid. Det er stort fokus på effektivitet blant nettselskap og Hemsedal Energi kan vise til god effektivitet samanlikna med mange andre selskap. Styret har fokus på at nettleiga skal ha ein jamn og forutsigbar utvikling og meir-/mindreinntektskontoen blir brukt for å unngå dei store variasjonane. Pr. 31.12.2019 har vi ein mindreinntektsaldo på kr. 6,3 mill.



Ytingar utover lønn til leiande personar

Det er ikkje gjeve andre ytingar enn lønn og innbetaling til normal pensjonsordning til dagleg leder.

Risiko ved drifta

Slik drifta er organisert er det liten risiko ved verksemda. Økonomien er stabil og god og dei tilsette og styret er røynde i det dei driv med.

Risikoen for at kundane ikkje kan oppfylle sine forpliktelsar ser vi som ganske liten. Historisk sett har vi hatt lite tap på straumfordringar. I 2019 er det kostnadsført eit tap på kr. 300.000.

Likviditeten i selskapet blir vurdert som god.

Det er inngått avtale med Kinect Energy om derivathandel på Nasdaq OMX. Avtala går ut på at Kinect Energy er motpart for Hemsedal Energi overfor Nasdaq OMX. Hemsedal Energi er derfor ikkje forplikta overfor Nasdaq OMX til å stille sikkerheit ved derivathandel.

Likviditet og kontantstraum

Likviditeten i selskapet vurderast som god. Hemsedal Energi sin kontantbeholdning pr. 31.12.19 var på 33,4 mill.kr. Det er nødvendig med ein viss kontantbeholdning på grunn av store svingningar. Dette som fylgje av at Hemsedal Energi må krevja inn store beløp for staten (forbruksavgift og enovaavgift)

Dei samla investeringane var i 2019 14,9 mill. kr.

10,8 mill. kr. er investering i nett og 2,8 mill. kr. er investering i breiband. Resten er investering i anna verksemd.

Årets investeringar er finansiert ved sjølvfinansiering.

Kontantstraumoppstillingen viser ein positiv kontantstraum i 2019 på 10 mill. kr.

Koronaviruset Covid 19 - konsekvens for Hemsedal Energi

Den framtidige utviklingen i forbindelse med koronaviruset kan vera at bedrifter går konkurs og vi mister kunder eller det vil bli forsinka betaling i nokon månader. Straum er nevnt som ein kostnad som er støtteberettiga frå staten. Nedstenging og bortfall av turismen i ein periode vil også føre til lågare forbruk blant fritidskundar, hotell og skisenter. Men vi meiner dette vil ta seg opp att innan kort tid så det vil ikkje få store konsekvensar. Det kan også slå positivt ut ved at hyttene blir meir brukt i sommarferien.

Elles meiner styret dette ikkje vil få nokon innvirkning på verdien av anlegg eller driftsmidler. Ser heller ikkje nokon finansiell risiko som er av betydning for å bedømme selskapets eiendelar, gjeld, finansiell stilling eller resultat.



Det økonomiske resultatet og disponering av overskudd:

Resultat for 2019 før skatt viser eit overskudd på kr. 3.923.031

Beregna skattekostnad er kr. 852.324

Resultat for 2019 etter skatt viser eit overskudd på kr. 3.070.707

Styret foreslår fylgjande disponering av overskuddet for regnskapsåret 2019:


Overføring til egenkapital kr. 3.070.707


Styret meiner det framlagde resultatregnskapet og balanse med noter gjev rett informasjon om drifta i 2019 og selskapet sin økonomiske stilling ved årsskiftet.


Så langt styret kjenner til er det ikkje kome fram forhold etter avslutning av regnskapet som har betydning for bedømminga av resultatet.

Styret vil takke dei tilsette for innsatsen i 2019.


Hemsedal, 08.05.2020


Ernst Tore Eggen
styreleder


Signe Lise Hovig Jordheim
nestleder


Elin Tangen
styremedlem


Pål Terje Røfby
styremedlem


Magne Lien
styremedlem


Per Gunnar Markegård
dagleg leder



Resultatregnskap

Resultatregnskap – totalt :

<u>(alle tal i heile 1.000)</u>	<u>Note:</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>
Salgsinntekter	1	71.041	69.642
Avsatt meir-/mindreinntekt		-900	-876
Andre salgsinntekter		5.414	2.968
Sum driftsinntekter		75.555	71.734
Kjøpskostnader		46.336	32.191
Lønns- og personalkostnader	2	9.659	9.882
Lønn til investering	2	-2.413	-2.326
Ordinære avskrivningar	3	8.250	8.346
Andre driftskostnader	2	9.999	8.171
Tap på fordringar		300	88
Sum driftskostnader		72.131	56.352
Driftsresultat	1	3.424	15.382
Renteinntekter		868	572
Andre finansinntekter		170	202
Rentekostnader		-505	-367
Andre finanskostnader		-34	-830
Finansresultat		499	-423
Resultat før skatt		3.923	14.959
Betalbar skatt		608	1.736
Utsatt skatt		244	115
Skattekostnad	4	852	1.851
Årsoverskudd		3.071	13.108

Disponert slik:

Avsatt til fri egenkapital 3.071

Kommentarer til resultatregnskapet

Tabellen viser totale driftsinntekter og driftskostnader for Hemsedal Energi AS. Disposisjon av resultatet er kr. 3.070.707 som er avsatt til fri egenkapital.

